

Arkivsaksnr: 2015/3032-0

Saksbehandler: Linn Myrvold

Dato: 26.05.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for Geiranger - Herdalen	22/2015	

Geiranger-Herdalen landskapsvernområde- Søknad om vedlikeholdsrydding av skog langs kraftlinje, Norddal-Kallskaret

Søkjjar

Mørenett, v/Hans Peter Eidseflot

Dokument i saka

1. Søknad datert 12. mai. 2015

Søknaden vurderast etter

1. Naturmangfaldloven (NML)
2. Forvaltningsplan – Vestnorsk Fjordlandskap- Delområde Geirangerfjorden
3. Forskrift om vern av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde
4. Forskrift om vern av Kallskaret Naturreservat

Saksframlegg

Søknad

Mørenett søker om dispensasjon til å rydde skog under kraftlinjene (22kV) på strekninga mellom Seineset og Kallskarsetra i Norddal kommune. Linjerydding blir gjennomført av omsyn til forsyningstryggleiken til regionen og av omsyn til tryggleik for folk og omgjevnader.

På bakgrunn av krevjande tilkomst til områdene søkas det om å sikre linja for 8-10 år fram i tid.

Underskog ryddas ut for å unngå skade, overslag og spenningsforstyrning på kraftlinjene, mens kantskog må ryddas for å unngå at trea faller på linjene, noko som kan medføre akutte straumbrot. Mørenett sin konsesjon for linjene heimlar ei ryddebreidde på 8 m til kvar side for midten på kvar av desse to linjene. Erfarent mannskap frå Valldal Bygdeservice vil eventuelt få ansvar for skogryddinga.

I samband med skogryddinga ber Mørenett om dispensasjon til å behandle stubbar av lauvtre med plantevernmiddelet Glyphonova Plus som inneheld virkestoffet glyfosat. Stubbebehandling hindrar gjenvekst av krattskog. Kjemikaliet påføres manuelt med ei pumpekanne for at den øvrige vegetasjonen ikkje skal verte skada av stoffet.

Kartet under viser kraftlinja mellom Seineset og Kallskaret.



Vurdering

Føremåla med opprettinga av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde er å:

- Ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt og variert plante- og dyreliv.
- Ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- Ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

Etter forvaltningsplan for Vestnorsk Fjordlandskap ligger kraftlinja dels innafor sone for spesiell tilrettelegging og bruk, dels innafor brukssona og ein mindre del av linja går gjennom Kallskaret Naturreservat. I dei to fysst nemnte sonene er det i større grad opning for bestemte tiltak samanlikna med områder innafor vernesona i landskapsvernområdet. I naturreservatet gjelder egen forskrift for Kallskaret naturreservat.

I følgje verneforskrifta § 3 punkt 1.1 er det forbod mot alle inngrep som i vesentlig grad kan endre landskapets art eller karakter. Det kan etter søknad gis løyve til rydding av skog etter § 3 punkt 2.3. Etter verneforskrift § 3 punkt 6.1 er det forbod mot m.a. bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet. Etter verneforskrift § 3 punkt 1.2 bokstav f er reglane i § 3 punkt 1.1 ikkje til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande kraftanlegg, men skogrydding og stubbebehandling vurderas ikkje som vedlikehald av sjølve kraftanlegga.

Tiltaket må derfor vurderast etter dispensasjonsparagrafen i naturmangfaldlova (§ 48).

Alle tiltak skal også vurderast etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 opnar for at det kan gjevast dispensasjon visst det ikkje er i strid med verneformåla og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlige samfunnsinteresser gjer det nødvendig.

Rydding av skog kan komme til å komme i strid med verneformålet dersom det takast ut for mykje. For at inngrepet skal ha minst mogleg innverknad på landskapet i området bør det ikkje tas ut meir skog enn det som er naudsynt.

Bruk av kjemikaliar innafor landskapsvernområdet er ikkje ønskelig, men stubbebehandling av framande artar som platanlønn og gran/sitkagran kan vere positivt i h.ht. verneverdiane. Ut i frå biletene i vedlegget ser det ikkje ut til at det er lokalitetar med sårbare artar som for eksempel edellauskog eller andre sårbare artar langs strekninga.

Føremålet med ryddinga vurderast som naudsynt av omsyn til samfunnsinteresser og yttarste konsekvens også av sikkerheitsomsyn.

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapsgrunnlaget er henta frå søknad, billedokumentasjon, verneforskrift, forvaltningsplan og Naturbase og vurderast som tilstrekkelig dokumentert. I naturbase visast det at det finnes fleire lokaliteter med den trua arten Sunnmørsmarikåpe langs linja. Sunnmørsmarikåpa er raudlista og 25% av Europeisk bestand finnes i Norge, noko som gjer den til ein ansvarsart. Dette gjer det ekstra viktig at plantevernmiddelet påførast forsiktig med pumpekanne slik at vegetasjonen rundt ikkje blir skada. Det bør bare utførast stubbebehandling der kor det er mest naudsynt med tanke på at middelet trenger ned i røtene og jorda og på den måten kan tas opp i røtene til vegetasjonen rundt.

§ 9 i NML om føre – var prinsippet

Kunnskapsgrunnlaget vurderas som tilstrekkelig for å ta ein avgjersle i saka og det er derfor ikkje nødvendig å ta i bruk § 9.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Linjerydding er noko som må gjennomførast med jamne mellomrom. Hogsten langs denne linja har vært utført tidlegare og det vurderast derfor som at dette ikkje vil vere ei ny samla belastning for landskapet.

§ 11 kostnad ved miljøforringelse

Kostnader ved miljøforringing skal dekkas av tiltakshaver. Dersom inngrepa blir større enn beskrevet kan det bli sett krav om utbetring.

§ 12 «Miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar

Skogrydding: Arbeidet med linjerydding skal utførast manuelt med motorsag.

Plantevernmiddel: Kjemikaliet glyfosat skal påførast manuelt med ei pumpekanne for at vegetasjonen rundt stubben skal skadast i minst mogeleg grad noko som vurderast som den mest skånsamme metoden å nytte ved stubbebehandling.

Forslag til vedtak

Mørenett får med dette dispensasjon av verneområdestyret til å gjennomføre rydding under kraftlinjene på strekinga Oksneset-Seineset på sørvestsida av Tafjorden i Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Dispensasjon er gitt etter § 48 i Naturmangfaldlova og tiltaka er vurdert etter §§ 8-12.

Vilkår

Løyva er gjeve med følgjande vilkår

- Stubbebehandling skal avgrensas til det som er strengt naudsynt. Individ av alm eller anna verdifull edellauskog bør sparast om det ikkje er høgst naudsynt å rydde dei ut av sikkerheitsomsyn.
- Ryddebreidda skal ikkje overstige 8 m til kvar side for midten av linjene
- Plantevernmiddelet skal påførast med hjelp av ei pumpekanne
- Alt av resterande material skal fjernast frå verneområdet ved ferdigstilling

Klageadgang

Vedtaket kan påklagas av en part eller annen med rettslig klageinteresse, jf. forvaltningsloven § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er mottatt. Klagen stiles til Miljødirektoratet, men sendes til Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.